



Private rehabiliteringsinstitusjoner

med Helse Vest-avtale i 2010-2012

HELSE  VEST



Private rehabiliteringsinstitusjonar som har avtale med Helse Vest RHF

- Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter
- Krokeidesenteret Rehabilitering
- Åstveit Helsesenter
- HSR Rehabiliteringsteneste
- Ravneberghaugen rehabiliteringssenter

Helse Vest RHF inngår avtaler med private rehabiliteringsinstitusjonar i tråd med regelverket for offentlege anskaffingar. Tilbodet er eit supplement til rehabiliteringstenestene i helseføretaka. Dette betyr blant anna at pasientane sine rettar blir regulerte av lov om pasientrettar.

TILVISINGSRUTINAR

1) Alle fastlegar og privatpraktiserande avtalespesialistar skal sende tilvisingar til rehabilitering i private rehabiliteringsinstitusjonar i og utanfor regionen til den regionale vurderingseininga for rehabilitering. Den regionale vurderingseininga vil utifrå behovet til pasienten finne det rehabiliteringstilbodet som er best egna. Dette gjeld også for tilvising til *Raskare tilbake* i dei private institusjonane.

Regional vurderingseining for rehabilitering
Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering
Nordåsgrenda 4, 5235 Rådal

2) Tilvisingar frå sjukehus skal sendast direkte til den aktuelle institusjonen.

Oversikt over institusjonane finn du på www.helse-vest.no og på nettstaden til den regionale vurderingseininga.

TILVISINGSSKJEMA

Tilvisingsskjema finn du på www.helse-vest.no og på nettstaden til den regionale vurderingseininga www.helse-bergen.no/kompetansesenter-habrehab. Det er viktig at informasjon som blir etterspurt i skjemaet går fram av tilvisinga. Informasjonen er nødvendig for at vurderingseininga skal kunne foreta ei korrekt vurdering og for å finne det rehabiliteringstilbodet som er best egna for pasienten. Beskriving av funksjonsnivå og mål for opphaldet er viktig i denne samanhengen.

PRIORITERING

Tilvisingane til rehabilitering i private rehabiliteringsinstitusjonar blir vurderte og prioriterte i tråd med prioriteringsforskrifta og prioriteringsretteleiarane. Dei pasientane som treng rehabilitering i spesialisthelsetenesta mest får "rett til nødvendig helsehjelp". Desse pasientane skal prioriterast framfor dei som ikkje blir vurderte til å ha eit like stort behov, men som likevel skal ha eit tilbod om rehabilitering i spesialisthelsetenesta.

Vurderingseininga vil utifrå beskrivinga av behova til pasienten i tilvisinga, finne det rehabiliteringstilbodet som er best egna. Nokre pasientar vil bli vurdert til ikkje å ha behov for rehabilitering i spesialisthelsetenesta. Desse pasientane kan likevel trenge oppfølging i kommunen.

Tilbodet er ikkje retta mot personar som hovudsakleg treng pleie, omsorg, kvile eller avlasting. Ved inntak blir det lagt vekt på at pasienten kan nyttiggjere seg tilbodet, og at institusjonen har eit tilbod som kan gi pasienten ønskeleg helsemessig betring.

Tilbodet gjeld både døgn- og dagopphald.

EIGENDEL

Pasienten må betale ein eigendel for opphald i institusjon. Eigendelen inngår i ordninga med eigendelstak 2.

REISEUTGIFTER

Nødvendige reiseutgifter til institusjonar som Helse Vest RHF har avtale med, blir dekte (trekt frå eigendelen). Du finn meir informasjon om pasientreiser på www.pasientreiser.no. Her finn du også informasjon om kva reglar som gjeld ved reise til institusjonar utanfor regionen som andre regionale helseføretak har avtale med.

MEIR INFORMASJON

Meir informasjon om tilbodet finn du på www.helse-vest.no og på nettstaden til den regionale vurderingseininga www.helse-bergen.no/kompetansesenter-habrehab.

Spørsmål kan rettast til grønt nummer 800 30 061 eller til Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering, tlf 55 91 85 40.

Tilbodet ved dei private rehabiliteringsinstitusjonane

RØDE KORS HAUGLAND REHABILITERINGSSENTER

6968 Flekke
Telefon: 57 73 71 00

inntak@rehabiliteringssenter.no / www.rehabiliteringssenter.no

Tilbodet gjeld i hovudsak følgjande pasientgrupper (jf. ICD 10 diagnosekoder):

- Kap II Svulstar
 - tilbod for ulike kreftdiagnosar (eigne gruppetilbod for brystkreft, underlivskreft og prostatakreft) og tilbod til pasientar i palliativ fase
- Kap IV – avgrensa til sjukleg overvekt
- Kap VI Sjukdommar i nervesystemet
 - tilbod for neurologiske lidingar, særleg retta mot pasientar med Parkinsons sjukdom, MS, CP, post–polio og ME
- Kap VIII – avgrensa til Tinnitus
- Kap XIII Sjukdommar i muskel-skjelettsystemet og bindevev
 - tilbod for ulike lidingar i muskel-skjelett og bindevev og revmatiske lidingar (inflammatoriske, ikkje-inflammatoriske og blautdelsrevmatiske), særleg retta mot pasientar med lidingar i nakke/ rygg/ bekken og med betydelige/kroniske smertetilstandar
- Tilbod innanfor ordninga ”Raskare tilbake”
Sjå eiga ramme*

Hauglandsenteret har følgjande kompetanse:

- Legar (spesialistar i fysikalsk medisin og rehabilitering)
- Sjukepleiarar
- Fysioterapeutar
- Ergoterapeutar
- Idrettspedagogar
- Attføringskonsulent
- Klinisk ernæringsfysiolog
- Rideinstruktør
- Kompetanse på kognitiv terapi

KROKEIDESENTERET REHABILITERING

www.krokeidesenteret-rehab.no

AVDELING KROKEIDE

Korsnesvegen 70, 5244 Fana
Telefon: 55 10 87 00
post@krokeidesenteret.no

Tilbodet gjeld i hovudsak følgjande pasientgrupper (jf. ICD 10 diagnosekode):

- Kap IX Sjukdommar i sirkulasjonssystemet
 - tilbod for ulike hjertesjukdommar
- Tilbod innanfor ordninga ”Raskare tilbake”
Sjå eiga ramme*

Avdeling Krokeide har følgjande kompetanse:

- Legar (spesialist i allmenntillegisin og kardiologi)
- Sjukepleiarar
- Fysioterapeutar
- Ergoterapeut
- Psykolog
- Instruktør/gymmlærar
- Attføringskonsulent

AVDELING NÆRLAND

Nærlandsparken, Grenseveien 12, 4365 Nærbø
Telefon: 51 79 82 70
ne-firmapost@krokeidesenteret.no

Tilbodet gjeld i hovudsak følgjande pasientgrupper (jf. ICD 10 diagnosekode):

- Kap II Svulstar
 - tilbod etter store operative inngrep for kreft eller anna kreftbehandling, særleg retta mot lungekreft og brystkreft
- Kap IX Sjukdommar i sirkulasjonssystemet
 - tilbod for ulike hjertesjukdommar
- Kap X Sjukdommar i åndedrettssystemet
 - tilbod for ulike lungesjukdommar
- Tilbod innanfor ordninga ”Raskare tilbake”
Sjå eiga ramme*

Avdeling Nærland har følgjande kompetanse:

- Legar (spesialist i lunge-/indremedisin og i allmenntillegisin)
- Sjukepleiarar
- Fysioterapeutar
- Ergoterapeut
- Ernæringsfysiolog
- Miljøterapeut/ aktivtør

* **Tilbod innanfor ordninga ”Raskare tilbake”**: Formålet med ordninga er å få sjukemelde raskare tilbake i arbeid. Det er personar som er sjukemelde eller som står i fare for å bli sjukemelde, som kan få eit tilbod om raskare spesialistbehandling. Alle fastlegar skal vurdere om sjukemelde pasientar kan komme raskare tilbake i jobb gjennom tilvising til tilbod tilpassa denne målgruppa i spesialisthelsetenesta.

ÅSTVEIT HELSESENTER

Åstveitveien 73, 5106 Øvre Ervik
Telefon: 55 53 97 00

post@astveithelsesenter.no
www.astveithelsesenter.no

Tilbudet gjeld i hovudsak følgjande pasientgrupper (jf. ICD 10 diagnosekode):

- Kap II Svulstar
 - tilbud etter store operative inngrep for kreft eller anna kreftbehandling
- Kap VI Sjukdommar i nervesystemet
 - tilbud for ulike nevrologiske lidningar
- Kap IX Sjukdommar i sirkulasjonssystemet
 - tilbud for hjarte- og karsjukdommar og slag
- Kap X Sjukdommar i åndedrettssystemet
 - tilbud for ulike lungesjukdommar
- Kap XIII Sjukdommar i muskel-skjelettsystemet og bindevev
 - tilbud etter større operasjonar i muskel-skjelett og bindevev, revmatiske lidningar (inflammatoriske, ikkje-inflammatoriske og blautdelsrevmatiske), betydelege/kroniske smertetilstandar
- Kap XIX Skader
 - lårhalsbrot og andre skadar i skjelett, mild/moderat hovudskade
- Tilbod innanfor ordninga ”Raskare tilbake”
Sjå eiga ramme*

Åstveit Helsesenter har følgjande kompetanse:

- Legar (spesialist i fysikalsk medisin og rehabilitering)
- Sjukepleiarar
- Fysioterapeutar
- Ergoterapeut

HSR - REHABILITERINGSTENESTE

Haugesund Sanitetsforening Revmatismesykehus
Karmsundgt. 134, PB 2175, 5504 Haugesund
Telefon: 52 80 50 00

www.rehab.as

Tilbudet gjeld i hovudsak følgjande pasientgrupper (jf. ICD 10 diagnosekode):

- Kap XIII Sjukdommar i muskel-skjelettsystemet og bindevev
 - tilbud etter større operasjonar i muskel-skjelett og bindevev, revmatiske lidningar (inflammatoriske, ikkje-inflammatoriske og blautdelsrevmatiske), betydelege/kroniske smertetilstandar
- Kap XIX Skader
 - lårhalsbrot og andre skadar i skjelett, mild/moderat hovudskade

HSR - Rehabiliteringsteneste har følgjande kompetanse

- Lege (spesialist i arbeidsmedisin)
- Sjukepleiarar
- Fysioterapeutar
- Ergoterapeut
- Sosionom
- Aktivitør

**RAVNEBERGHAUGEN
REHABILITERINGSSENTER**

Nordstølen 55, 5217 Hagavik
Telefon: 56 57 04 00

www.ravneberghaugen.no

Tilbudet gjeld i hovudsak følgjande pasientgrupper (jf. ICD 10 diagnosekode):

- Kap II Svulstar
 - tilbud etter store operative inngrep for kreft eller anna kreftbehandling
- Kap IX Sjukdommar i sirkulasjonssystemet
 - tilbud for hjarte- og karsjukdommar
- Kap XIII Sjukdommar i muskel-skjelettsystemet og bindevev
 - tilbud etter større operasjonar i muskel-skjelett og bindevev, revmatiske lidningar (inflammatoriske, ikkje-inflammatoriske og blautdelsrevmatiske), betydelege/kroniske smertetilstandar
- Kap XIX Skader
 - lårhalsbrot og andre skadar i skjelettet

Ravneberghaugen har følgjande kompetanse:

- Lege (spesialist i revmatologi og indremedisin)
- Sjukepleiarar
- Fysioterapeutar
- Ergoterapeut
- Aktivitør



Oversikt over tilbudet ved dei private rehabiliteringsinstitusjonane

<i>Type tilbud</i>			
<i>Pasientgrupper (ICD 10 diagnosegrupper):</i>	Døgntilbod	Tilbod til pasientar med behov for assistanse/ stell	Dagtilbod
Kap II Svulstar	Hauglandssenteret Åstveit Helsecenter Ravneberghaugen Krokeidesenteret, avd. Nærland	Hauglandssenteret Åstveit Helsecenter Ravnberghaugen	
Kap IV – avgrensa til sjukleg overvekt	Hauglandssenteret		Hauglandssenteret
Kap VI Sjukdommar i nervesystemet	Hauglandssenteret Åstveit Helsecenter	Hauglandssenteret Åstveit Helsecenter	Hauglandssenteret Åstveit Helsecenter
Kap VIII – avgrensa til tinnitus	Hauglandssenteret		Hauglandssenteret
Kap IX Sjukdommar i sirkulasjonssystemet	Åstveit Helsecenter Ravneberghaugen Krokeidesenteret, avd. Nærland og Krokeide	Åstveit Helsecenter Ravneberghaugen	Åstveit Helsecenter
Kap X Sjukdommar i åndedrettssystemet	Åstveit Helsecenter Krokeidesenteret, avd. Nærland	Åstveit Helsecenter	Åstveit Helsecenter
Kap XIII Sjukdommar i muskel-skjelettsystemet og bindevev	Hauglandssenteret Åstveit Helsecenter Ravneberghaugen HSR- rehabilitering	Hauglandssenteret Åstveit Helsecenter Ravneberghaugen	Hauglandssenteret Åstveit Helsecenter Ravneberghaugen
Kap XIX Skader	Åstveit Helsecenter Ravneberghaugen HSR- rehabilitering	Åstveit Helsecenter Ravneberghaugen	Åstveit Helsecenter Ravneberghaugen
Tilbod innanfor ordninga Raskare tilbake	Hauglandssenteret Åstveit Helsecenter Krokeidesenteret, avd. Nærland og Krokeide		Hauglandssenteret Krokeidesenteret, avd. Nærland og Krokeide



© Helse Vest

HELSE  VEST

Postboks 303 Forus, 4066 Stavanger
Telefon: 51 96 38 00 www.helse-vest.no